



Svein Ottar Rørheim får gode råd for sitt vald

**Viltforvaltar Leiv Trygve Varanes held no på med statusrapportar for dei ymse valda oig oppmodar blant anna desse om å nytta den nye nettbaserte registreringa dagleg og fortløpande på [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no)  
 Registreringa er svært nyttig for å kunna sjå og vurdera utviklinga av bestanden**

Til Svein Ottar Rørheim skriv Varanes at valdet Kjærland-Myklebust-Ytre Rød har skote 33 av totalkvoten på 90 dyr dei 2 fyrste åra i den treårige planperioden. Siste året gav ei svært fin utvikling på felling av kalv og ungdyr. Det var også positivt at det ikkje vart felt vaksne produksjonskoller.

Det manglar særleg noko på felling av unge og små koller i heile perioden, Men gruppa kalv-ungdyr kjem svært fint ut med 57,6 prosent og det er heilt i tråd med kommunal målsetting. Det er nok den positive haustinga av pikhydingar sist haust som rettar opp dette, meiner viltforvaltaren.

Til Tore Musland i Muslandvaldet skriv Varanes at det framleis er felt for litt små og unge koller men kalv-ungdyr er betre utnyttja og kjem ut med 48,9 prosent. Det skulle vore fylt opp med fleire små koller slik at ein kunne kome meir i tråd med den kommunale målsettinga på minst 55 prosent.

Det skulle også vore spara litt på dei vaksne produksjonskollene som ligg på 28,9 mot planlagd 23 prosent. Muslandvaldet felte 22 sist haust og dermed står det att 30 dyr av totalkvota.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen